



ProPlan as  
Kongens gate 31  
0153 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2364 - 16/21455

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
10.11.2016

## Mangel- Søknad om oppføring av lagerbygg, gbnr 22/256

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om oppføring av lagerbygg på gbnr 22/256 på Mjåtveit, og ser at søknaden er mangelfull. Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert innsendt:

- Det må søkjast om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup for lagerbygget.
- Det må gå klart fram av søknaden kva bygget skal nyttast til.
- Det sendast inn erklæring om ansvar frå eit godkjent rørleggjarfirma og oppmålingsfirma.
- Av søknaden og teikningane er det opplyst at bygget skal oppførast over 2 etasjar. Deler er innteikna som mesanin. Det må i arealopplysningane i søknadsskjema oppgis korrekt BRA for tiltaket.
- Det ligg no føre ein godkjenning på vilkår frå arbeidstilsynet. I siste innsendte teikningar opplyser De at dei er revidert i samsvar med satte vilkår. Vi ber om at Arbeidstilsynet blir orientert om reviderte teikningar.
- Ny oppdatert gjennomføringsplan må sendast inn i samsvar med endringane.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova §§ 20-3 og 20-1 ligg føre. Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil søknaden verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Mottakere:**

ProPlan as

Kongens gate 31 0153

OSLO